

Referat frå foreldremøte for 2 klasse.

Torsdag 27. april 2017 kl. 18 – 19.30

Første del av møtet var felles med 1. klasseforeldra

Me starta med 10arvenn songen som er dagleg i bruk no. Denne finn de på youtube om de vil bruka den heime.

Informasjon frå kontaktlærar;

Nokre høgdepunkt frå året som har gått.

Skulestart, alltid magisk, med spente born, foreldre og lærarar.

Turen til Velandseggje; kombinasjon, sjø, fjell, oppleveling av å meistra

Forutprosjktet, då alle sydde seg ein Yeti. Mestringa av å sy.. og talde pengane..

Kosetime før haustferien; Fruktspyd

Opplevelinga eg som lærar har når eg kan fanga dei i høgtlesingsituasjonar

At dei er så «læreneme»: Alt kan dei læra!! Oppleveling å sjå når dei mestrar, t.d pensumarket, engelsk..

Når dei opptrer på morgonsamling, til jul, på matstova. ...stolt lærar..

Power impro under hellaren.

Bydagen; opplevelinga , at dei var så disiplinerte, kom fort på plass, holdt rekka (eg hara lova dei ein premie)

Det er eit høgdepunkt å sjå at dei er omsorgsfulle med kvarandre; hentar hjelp, trøstar, støttar, stryk..

Handlingsvegledar for betre tverrfagleg innsats (BTI)

Dersom me lurer på om eit barn treng hjelp, er me pliktige til å gjera noe med det. Me har en Handlingsvegledar i kommunen, med ein framgangsmåte me skal følgja, dersom me

meiner at barn treng hjelp. Kommunen har eit tverrfagleg team som skal trø til dersom det er saker me treng å drøfta eller undersøkja.

På Lindås kommune si heimeside og under skulen si heimeside finn de informasjon om dette. Foreldre skal vera kjende med dette.

Etter Dark room avsløring, tok eg opp dette temaet om seksuelle overgrep, med borna.

Eg brukte ord som når vaksne gjer kjæresteting med born. Det er heilt forbudt! Viss vaksne seier at :viss du seier dette til nokon så... Det er å trua. Det er ikkje lov. Sei i frå til nokon du kan stola på.

Temaveke; Byen vår

To temaveker for året; i Haust var det frå jord til bord. No; Byen vår

Vis ei prosjektbok og fortel korleis me førebudde oss til byturen og kva me fokuserte på.

Oppsummering av foreldremøtet som Barnevakten hadde i Mars.

Kva lærte me av dette?

Forledra syntes dette hadde vore lærerikt. Det var informativt, ikkje strengt og fordømmande.. Viktige ting: Skjermfri tid før legging.. følgja anbefalte akdergrenser, set deg inni kva borna held på med, spør dei kva dei har spelt!

Vennebenken

Her kan dei som ikkje har nokon å vera med, setja seg. Så ser dei andre kven som har bruk for å verta tatt med i leik.

Referat foreldremøte, 2. del for 2.klasse

27.04.17

1. Kartleggingsprøvar

2. klasse har gjennomført UDIR sine kartleggingsprøvar i lesing og rekning. Meir konkrete tilbakemeldingar kjem på foreldresamtalane. Målet med denne kartlegginga er å finne elevane som treng ekstra oppfylging.

2. Oppfylging av norsk og matematikk

Halvtårsplanen vart vist.

Lesing er framleis viktig! Klassen kjem til å gjennomføre leseaksjon dei komande vekene. Leseleksa vert i ulike fakta- og skjønnlitterære bøker. De heime må skrive under på lesekortet at eleven har lese leksa. Det er lurt å lage gode og positive rammer rundt lesesituasjonen. På skulen vert det synleggjort kva bøker elevane på ulike måtar og me gjer noko ekstra kjekt i slutten av perioden.

Me har framleis fokus på skrift og at dei formar fine og tydelege bokstavar. Dette gjeld også for tal i matematikken. Elevane har byrja å skrive litt meir på data – det er kjekt!

Når det gjeld lekser er det framleis viktig at de følgjer opp dette. Planlegg gjerne lekseveka, men litt lesing kvar dag er ein god hovudregel.

3. Mappearbeid

Me brukar ark med Eg-kan læringsmål, der elevane fargelegg måla dei har nådd. Slik vil mappa vise elevane si utvikling med både målformuleringane og arbeida som viser kva elevane meistrar. Elevane er stolte av arbeida sine, og gleder seg til å vise litt av det på foreldresamtalane.

4. Sosialt

2. klasse er ein fin gjeng som er flinke til å ta vare på kvarandre. Både gutter og jenter leikar ilag, og viser stor omsorg for kvarandre. Dei er reflekterte i samtale.

5. FAU-representant

Isabell Hansen vert FAU-representant for 2 år frå hausten av. Ein forelder må ta på seg å vere vara i FAU for 1 år.

6. Innspel til stort foreldremøte i juni

Foreldre observerer og får tilbakemeldingar frå elevar om bussjåførar som køyrer fort og før elevane får satt seg ned. Dette er ikkje noko nytt, og fleire foreldre har tatt kontakt med Skyss gjennom ulike kanalar.

Rektor sender også tilbakemeldingar til Skyss dersom det kjem klager.

Det vart poengtert viktigheita av å notere seg dato og tidspunkt for dette. Burde det vore noko felles framgangsmåte for dette og kva sikrar ein best at klaga kjem fram til rette vedkommande? Korleis få ein slutt på dette?

7. Eventuelt

Det er viktig at ein tilbakemelder til skulen dersom eleven fortel om negative hendingar på skulebussen. Dialog skule-heim er viktig, slik at ein kan finne gode løysingar om noko er vanskeleg.

Det kom spørsmål om korleis dette med Pókemonkort fungerer. Vert elevane mindre aktive og vert det for altoppslukande? Mange elevar har det veldig kjekt med dette, og det er ikkje formulert reglar eller forbod på skulen. Lærarane tek spørsmålet vidare til vurdering i kollegiet.

Ref. Janne Kari Gjerde Eknes